

# Pressemelding

1.12.2020

## **Elektrisk stemning på Mannsverk**

**I dag starta den nye busskontrakten for Bergen sentrum, der alle dei 112 nye bussane på Mannsverk er heil-elektriske, medrekna ti nye trolleybussar.**

– Dette er ein historisk dag for Bergen. Mannsverk er blitt heilelektrisk, og vi er no nest-størst i Norge på el-buss-drift. Vestland fylke er blitt ein gigant på elektrisk transport, med elbussane, med Bybanen som er under vidare utbygging, og med 19 elektriske ferjesamband, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Med i kontrakten for Bergen sentrum er også 26 fossifrie bussar på biodrivstoff, som skal ha tilhaldsstad på Straume på Sotra. Skyss har tildelt kontrakten til Keolis, som har ansvaret for bussdrifta dei ti neste åra. Kontrakten for Bergen sentrum er ein av dei største busskontraktane i Norge og omfattar dei sentrale busslinjene i Bergensdalen og i sentrum, og i bydelane i Bergen vest.

### **Store utsleppskutt**

– Med rein vasskraft har elektrisk transport ekstra stor effekt i klimasamanheng. Kvar buss som blir bytta frå diesel eller gass til straum, sparer om lag 50 tonn CO<sub>2</sub> i året. I ein tiårskontrakt er det snakk om 500 tonn CO<sub>2</sub> spart for kvar einaste buss her på Mannsverk, påpeikar Askeland.

Det totale kuttet i CO<sub>2</sub>-utslepp i busskontrakten blir på rundt 85 prosent, samanlikna med tilsvarande drift på gass/diesel.

Skyss og Vestland fylke kan samstundes markere at all bussdrifta i Bergensområdet no er blitt fossilfri. Busskontraktane, som dekkjer Bergen, Os, Nordhordland, Osterøy, Øygarden og Askøy, har ingen fossilbussar igjen i trafikk. Bussane som ikkje er elektriske, går på fossilfritt biodrivstoff. Av desse kører svært mange av bussane i Bergen nord på biogass som blir produsert lokalt i Rådalen av kloakkslam.

### **Betre luft og mindre støy**

– Vi vil ha ein by med betre luft, mindre støy og meir folkeliv, og difor prioriterer vi gåande, syklande og kollektivreisande framfor privatbilisme. El-bussar er nødvendige for å få ein betre by og kutte klimagassutsleppa, seier byråd for klima, miljø og byutvikling, Eline Haakestad.

– El-bussane er ikkje berre bra for klima og miljø, men er også ei investering i folkehelsa. Når vi slepp forbrenningsmotorane, er den store ekstragevinsten at vi blir kvitt mykje støy i tettbygde strøk, sidan dei elektriske bussane er svært stillegåande, påpeikar Haakestad.

## **Stillegåande bussar**

Skyss-direktør Målfrid Vik Sønstabø seier at det blir eit løft for dei reisande at det også er svært lite støy inne i bussane. Ho påpeikar at med nye, stillegåande bussar, må bergensarane samstundes venne seg til å sjå seg ekstra godt for i bygatene.

– Vi er glade for å gi byen så mange støysvake bussar, men det blir også ein tilvenningsfase for alle trafikantar, seier ho.

Passasjerane kan også gle seg over USB-ladekontakt ved alle dobbeltsete, og det er setebelte i alle bussane, også bussar av klasse 1 der dette ikkje er eit lovkrav.

## **Keolis sin første busskontrakt**

Keolis Norge har med dette vunne sin første busskontrakt i Norge. For bergensarar er Keolis alt godt kjend som operatør for Bybanen. Dei har mykje driftserfaring frå Bybanen, og i ryggen har dei brei kompetanse frå bussdrift internasjonalt.

– Dette er ein merkedag for Keolis og eit stolt augeblikk for våre franske eigalarar. Vi er veldig glade for at det gode samarbeidet med fylket har ført til at vi i dag kan opne det første heilelektriske bussanlegget i Noreg. Det ligg mange månader med hardt arbeid bak opninga, seier Gry Miriam Olsen, administrerande direktør i Keolis.

– Vi stoppar ikkje her, utviklinga held fram. Neste steg er at bussar med 360o-kamera skal køyre førarlaust på depot. I dag er første dag i ei ny framtid i kollektivtransporten i Bergen. Vi gler oss til å ta med oss befolkninga i Bergen på ei miljøvennleg reise, seier Olsen.

## **Kontaktpersonar:**

Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, tlf. 47 45 97 20

Byråd for klima, miljø og byutvikling, Eline Haakestad, Bergen kommune

Tlf. 911 64 536 (politisk rådgjevar Susanne Waage)

Direktør i Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, tlf. 916 53 176

Adm. dir. i Keolis, Gry Miriam Olsen, tlf. 959 89 458